




Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Miljøvernavdelinga

# Forvaltingsplan for Røabukta fuglefredingsområde

Aukra kommune

Rapport 2010:02



Framsidefoto: Flyfoto over verneområdet med tilgrensande areal.

Foto: Øyvind Leren

# FORVALTINGSPLAN FOR RØABUKTA FUGLEFREDNINGSSOMRÅDE

Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Fylkeshuset  
6404 MOLDE  
[www.fylkesmannen.no](http://www.fylkesmannen.no)

Rapport nr:

2010:02

Dato:

24.02.2010

**Tittel:**

FORVALTINGSPLAN FOR RØABUKTA FUGLEFREDNINGSSOMRÅDE

**Forfattar:**

Åsmund Skålvik, Fylkesmannen i Møre og Romsdal

**Godkjenningsvedtak:**

Forvaltingsplanen for Røabukta fuglefredningsområde i Aukra kommune er med heimel i kap. VII og X i verneforskrifta godkjend av Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

**Referat:**

Røabukta fuglefredningsområde vart verna i 1988 som ein del av verneplan våtmark for Møre og Romsdal. Føremålet med vernet var å ta vare på eit viktig våtmarksområde med sitt livsmiljø, fugleliv og anna dyreliv. Nokre av fugleartane som nyttar området på vernetidspunktet er i tilbakegang. Det er derfor eit viktig mål å oppretthalde strandsona og holmane i ein slik kvalitet at dei er eigna for hekking. Det er Fylkesmannen i Møre og Romsdal som er forvaltingsstyresmakt for Røabukta.

Hovudutfordringane mot verneformålet er endringane i driftsmetodar i landbruket generelt, men særleg gjengroing som følgje av endra beitebruk. Leplantingar med ulike bartre frå 70-talet finn vi i heile det verna området. Bartrea i leplantingane og spreieninga av disse er ein trussel både mot vegetasjonen og fugleartar som krev ope terreng. Viktige mål i forvaltingsplanen er derfor å stoppe gjengroinga og spreieninga av framande artar.

For å gjennomføre tiltaka i forvaltingsplanen legg vi opp til eit samarbeid mellom grunneigarar, interessegrupper, Aukra kommune og Statens naturoppsyn. Forvaltingsplanen med tilhøyrande bevaringsmål bør reviderast minst kvart 10. år.


**Emneord:**

Naturvern, naturkvalitet, forvaltingsmål, bevaringsmål, skjøtsel, fugl, våtmark, biologisk mangfald.

ISBN (Nett utgåve): 978-82-7430-173-3

ISBN (Papir utgåve): 978-82-7430-172-6

ISSN 0801-9363:



Ulf Lucasen  
Seksjonssjef



Per Fredrik Brun  
Direktør miljøvernnavdelinga



## FORORD

Røabukta fuglefredningsområde vart oppretta ved kongelig resolusjon av 27. mai 1988 som ein del av verneplan for våtmark i Møre og Romsdal. Sidan vernetidspunktet og fram til i dag har forvaltingsstyresmakta sett negativ utvikling i verneverdiane i fuglefredningsområde. Møre og Romsdal starta derfor i 2009 opp ei satsing på å få utarbeid fleire forvaltingsplanar over prioriterte verneområde. Denne planen er eit resultat av den satsinga.

Målet med forvaltingsplanen er at den skal vere eit praktisk hjelpemiddel for å oppdretthalde og fremje verneformålet. Planen skal skildre dei naturfaglege verneverdiane i området og kva tiltak og skjøtsel som trengs for å ta vare på disse. Planen skal òg avklare ulike brukargrupper sine interesser i verneområdet og deira forhold til forskrifter og anna regelverk. Tidlegare undersøkingar, rapportar og databasar på internett har vore viktig kjeldematerial. Aukra kommune har òg kome med viktige innspel til planen. Ein har ved utarbeiding av planen prøvd å tenkje på kven som blir brukarar av planen ved å gjere den så kort og konkret som mogleg. Då dette er første generasjon forvaltingsplan må ein ta høgde for revisjon etter å ha prøvd planen i praksis nokre år.

Planen er utarbeidd av Åsmund Skålvik ved fylkesmannens kontor, for midlar som Direktoratet for naturforvalting har stilt til rådvelde.

Molde 24.februar 2010



## INNHOLD

1. INNLEIING .....	9
2. RØABUKTA FUGLEFREDINGSOMRÅDE .....	10
2.1    Områdeskildring .....	10
2.2    Eigedomsforhold .....	10
2.3    Historisk bruk av området .....	11
2.4    Naturfaglege verdiar .....	11
2.5    Bevaringsmål .....	13
3. BRUKARINTERESSER .....	15
3.1    Verneføreseggnene og brukarinteressene .....	15
3.2    Landbruk.....	15
3.3    Jakt og fiske .....	17
3.4    Friluftsliv og rekreasjon.....	18
3.5    Undervising, formidling og forsking .....	19
3.6    Bygg og tekniske inngrep .....	19
4. FORVALTINGSOPPGÅVER OG TILTAK .....	20
4.1    Skjøtsel .....	20
4.2    Kartlegging av naturkvalitetane.....	22
4.3    Informasjon og tilrettelegging .....	22
4.4    Oppsyn.....	23
5. SAKSHANDSAMING .....	24
5.1    Forvaltingsstypesmakter.....	24
5.2    Lovverk, føringar og forvalting .....	24
6. PERIODEN FORVALTINGSPLANEN GJELD .....	26
7. KJELDE .....	27

## Vedlegg:

1. Verneføreseggnene for Røabukta fuglefredningsområde
2. Liste over nokre fugleartar registrert i verneområdet
3. Temakart: Framande artar
4. Tiltaksliste den første 5-årsperioden
5. Sakshandsaming av planen.



## 1. INNLEIING


Røabukta fuglefredingsområde blei freda ved kongelig resolusjon av 27.mai 1988. Røabukta ligg ved Oterhals i Aukra kommune i Møre og Romsdal fylke. Etter dei vedtekne forskriftene for Røabukta fuglefredingsområde er formålet med vernet definert slik:

*"Føremålet med fredinga er å ta vare på eit viktig våtmarksområde med sitt livsmiljø, fugleliv og anna dyreliv."*

Det faglege grunnlaget for vernet er utkast til verneplan for våtmarksområde i Møre og Romsdal fylke frå 1982 med forarbeida til denne.

Denne planen skal vere eit hjelpemiddel i forvaltinga av verneområdet ved å gi konkrete retningslinjer om bruk, skjøtsel og informasjon. Planen skal òg utdjupe og konkretisere vernereglane for å sikre ein mest mogleg einsarta bruk og forvalting av verneområdet. Forvaltingsplanen er ikkje juridisk bindande, med unntak av der forvaltingsplana syner til vedteken forskrift for Røabukta fuglefredingsområde (*kursiv skrift*).

Dette er første generasjon forvaltningsplan for Røabukta fuglefredingsområde.



**Figur 1.** Røabukta fuglefredingsområde er eit av 3 verna områda på Aukra og strekker seg frå Rød i retning av Rindarøy.

## 2. RØABUKTA FUGLEFREDINGSOMRÅDE

### 2.1 Områdeskildring

Røabukta fuglefredningsområde dekkjer eit areal på 1916 dekar. Av dette utgjer nesten 1808 dekar sjøareal, resten av arealet er fordelt på grunnlendt mark, 50 dekar innmarksbeite og 47 dekar anna jorddekt fastmark. Ca. 9 dekar er definert som skog, dette er noko lauvskog, men mest plantingar av sitkagran og bergfuru. Topografisk består området av langgrunne strender, dels med sand, dels med leire, dels steinstrenger og nokre stader svaberg. Utanfor fastlandet er det ei rekkje lyng- og graskledde holmar.



**Figur 2** Stor tidevassflater i Røabukta. Foto: Asbjørn Børset.

På landsida er det i følgje gjeldande kommuneplan for det meste LNF-område som grensar opp mot planområdet. Eit regulert friområde med parkeringsplass og eit areal avsett til offentlege bygg grensar til det verna området.

Området har oseansk klima med milde vintrar og relativt låge sommartemperaturar, gjennomsnitt pr år er ca 8°C. Røabukta ligg i den sterkt oseaniske seksjonen, humid underseksjon, i den sørboreale vegetasjonsona. Gjennomsnittleg nedbørsmengd per år er ca 1200 mm, og det er ca 220 nedbørsdøgn.

### 2.2 Eigedomsforhold

I følgje verneforskrifta omfattar det verna området følgjande Gnr/bnr: 6/1, 4, 5, 7, 8, 9, 11, 15, 16, 25, 28, 32, 39 og 42. Gnr. 8/2 og 6. I følgje digitalt eigedomskart datert 20.04.09 omfattar verneområdet også desse Gnr/bnr: 6/44, 6/80 og Gnr/bnr: 8/35 og 8/92, medan

Gnr/bnr: 6/39 og Gnr/bnr: 8/2 ikkje ligg innanfor verneområdet. Vi tek etterhald om at det kan vere feil i eigedomskartet som vi har lagt til grunn.

### 2.3 Historisk bruk av området

Historisk har fastlandsdelen av fuglefredningsområdet vore ein del av eit kystkulturlandskap med beiteland og slåttemarker. Etter opplysningar frå landbruksforvaltinga i Aukra har dei lyngdekte holmane innan verneområdet vore nytta til beite av småfe opp gjennom tidene.

Det er registrert gravhaugar som freda fornminne på Dyrøy i nordvestre del av det verna området. Det er òg tydelege restar av eldre båtstør og andre spor etter sjøbruk i verneområdet. Under 2. verdskrig prøvde tyskarane å etablere ein flyplass på Aukra. Under arbeidet med flyplassen vart enorme mengder med myr/humus spylt bort frå flyplassområdet og ut i Røabukta. Sjøen var brun av humusstoff over ein lang periode. Restar etter denne humusblandinga finn ein endå i dag i Røabukta verneområde. Delar av den sjønære dyrkamarka er også bygd opp av myr frå flyplassområdet.

### 2.4 Naturfaglege verdiar

Den naturfaglege skildringa i planen er stort sett henta frå forarbeida til vernet. Han er dessutan supplert med munnleg informasjon frå fagfolk og andre med lokalkunnskap.

#### 2.4.1 Fugle- og dyreliv

Verdien som våtmarksområde for sjøfugl var avgjerande ved etablering av vernet. Røabukta er viktig for grågås i hekketida, både som hekkeplass og beiteplass for ungekull. Men også mange andre fuglearistar nyttar området som hekkelokalitet, vinterbeiteområde og rasteplass. Særleg har området verdi som vinterbeite for lommar, dykkarar og dykkender, og som rasteplass for mellom anna vadalar under trekket. Det særskilt rike fuglelivet i Røabukta er registrert og skildra fleire gonger dei siste 30 – 40 åra. Så vidt vi kan finne ut er dei første registreringane frå Norsk Ornitologisk foreining, avd. Møre og Romsdal sine teljingar av vassfugl i Møre og Romsdal frå 1968 og framover. Sidan den gong har det vore fleire registreringar framover mot vernevedtaket og nokre sporadisk etter vernevedtaket. Den beste kvantitative oversikta finn ein i publikasjonen ”Fylkesvis oversikt over ornitologisk viktige våtmarksområde i Norge” frå 1978. Dei to raudlisteartane horndykker og lomvi finst i området. Av pattedyr er både hjort og rådyr vanleg i heile området. Oter og mink er også vanleg i og utanfor verneområdet. Det kan verke som om minken er på retur og oterbestanden er aukande. På sjøsida er området brukt av kystsels som steinkobbe.



**Figur 3** Oter er godt etablert i verneområdet.  
Foto: Asbjørn Børset.

## Tilstand og truslar

Datasøk i artsdatabanken.no viser at m.a. artar som tjuvjo, storspove, makrellterne og lomvi har hatt en sterk populasjonsreduksjon i landet vårt. Dette pregar også situasjonen i Røabukta, men generelt er kunnskapsnivået om dei enkelte fugleartane i verneområdet mangelfulle, så det kan vere ei forvaltingsoppgåve å få oppdatert kunnskap om fuglebestandane som eit tiltak. Dette arbeidet kan forvaltinga sette bort til fagmiljø som har nødvendig kunnskap og kapasitet til ein slik jobb.

Moglege truslar mot fuglebestandane kan vere komplekse og variere frå art til art. Mest sannsynleg ligg dei største negative påverknadane/truslane langt utanfor verneområdet sine grenser. Enkelte fugleartar krev opne areal for å hekke og for å føle seg trygge under søk etter næring. Dei siste tiåra har skog og leplantingar blitt dominante i grenseområda til verneområdet. Dette kan ha ein negativ effekt for nokre fugleartar, som til dømes andefuglar. Mink er også ein trussel mot hekkande fugleartar. For å halde bestanden av mink lågast mogleg bør ein stimulere til fangst av denne arten.

### 2.4.2 Vegetasjon

Røabukta ligg eksponert mot sørvest med slakt hellande terreng. Finsand er heilt dominante jordtype. Det finst mindre område med berg i sjøen og blokker i sør og nord. Området har stor variasjon i planteartar og samfunnstypar. Det er totalt registrert 71 planteartar, og av desse er det 4 som kan omtala som sjeldne planter i vår region; strandreddik, sandstarr, saftstjerneblom og sverdlilje. I tillegg er registrert 16 ulike havstrandsamfunn, fordelt på 7 strandeng-typar, 6 voll-typar og 3 sandstrand-typar. Av desse er sandstarr-dyne og dynetrau betrakta som sjeldne eller trua samfunn. Det er for det meste den sørlege delen av verneområdet som er undersøkt, derfor kan ikkje denne vegetasjonsomtalen sjåast på som fullstendig.

Sandstarr er nær si nordlegaste utbreiing her. For sandstarr og andre artar er sanddynene spesielt viktige. Dette er plantesamfunn som ikkje vert direkte påverka av sjøvatn (salt), men med si eksponering og finkorna jord er den utsett for vind og sjøsprøyte.

## Tilstand og truslar

Sanddyner i si naturlege form på eigna lokalitetar har vore vanleg på kysten av Romsdal og Sunnmøre. Oppdyrkning i nyare tid har medført at vi no berre har att nokre få utarma fragment av denne vegetasjonstypen. Dei etablerte, aktive og naturlege sanddynene er omrent forsvunne frå fylket.



**Figur 4** Nokre av landets nordlegaste lokalitetar av sandstarr i Røabukta. Foto: Asbjørn Børset.



**Figur 5** Rynkerose (*Rosa rugosa*) Vakker, men aggressiv! Foto: Asbjørn Børset.

Den innførte asiatiske arten rynkerose er brukt som prydbusk av det offentleg og i private hagar. Dette er ein art som spreier seg kraftig og kveler lågare plantar. Denne arten er etablert på nokre lokalitetar på sanddyner i verneområdet, og arten er i ferd med å spreie seg. Etableringa av rynkerose kan endå stoppast. Direktoratet for naturforvalting (DN) held på å utarbeide handlingsplan mot rynkerose. Denne handlingsplanen blir utarbeid i tett samarbeid med Bioforsk. Dersom DN i handlingsplanen konkluderar med at plantevernmiddel er ein aktuell metode for å fjerne rynkerose, vil det og vere aktuelt for oss. Ein vil her søke samarbeid med grunneigar og Statens naturoppsyn for å få gjennomført det praktiske arbeidet. Gjennom frø frå leplantingane er småplanter av sitkagran i ferd med å etablera seg i verneområdet. Dette er og ein trussel på lang sikt.

## 2.5 Bevaringsmål

Formålet med Røabukta fuglefredningsområde er å ta vare på eit viktig våtmarksområde med sitt livsmiljø, fugleliv og anna dyreliv. Det er eit behov for å definere naturkvalitetane som skal bevarast innanfor verneområdet. For kvar naturkvalitet bør det definerast eit bevaringsmål, dersom dette er mogleg. For å kunne definere bevaringsmål må ein ha kunnskap om naturkvalitetane ein ønskjer å bevare. Ein veit mellom anna at terner og nokre måsefuglar krev ope landskap for å hekke. Så det å halde holmane fri for trevegetasjon er med på å oppretthalde verneformålet. Ein må òg ha kunnskap om utviklinga av dei ulike naturkvalitetane. For Røabukta fuglefredningsområde er det lite nyare kunnskap om dei ulike naturkvalitetane, spesielt for fugleartane og deira status. Bevaringsmåla kan verte justert når arbeidet med nasjonale standarar for bevaringsmål for ulike naturkvalitetar er ferdig.

*Nokre forklaringar på utrykk som går igjen i planen:*

**NATURKVALITET;** Forklarast som naturtype, artar, geologi og landskap som skal bevarast i eit verneområde. Føremålet med vernet ligg i dette omgrepet, og kan vere ein eller fleire naturkvalitetar.

**FORVALTINGSMÅL;** Dette er eit samleomgrep for alle målsettingar knytt til naturverdiar/kvalitetar i eit verneområde. Her vert også mål knytt opp mot rekreasjon, jakt, og landbruket sine interesser.

**BEVARINGSMÅL;** Desse skal konkretisere dei meir overordna forvaltingsmåla. Bevaringsmål er den tilstanden ein ønsker at naturkvaliteten skal ha. Bevaringsmåla skal helst vere målbare, og kan eksempelvis presiserast gjennom mål for areal eller førekommst av bestemte arter.

Ut frå det vi veit i dag har vi sett opp følgjande bevaringsmål innan nokre naturkvalitetar.

**Tabell 1** Definerte naturkvalitetar knytt til verneformålet, mål, tiltak og overvaking.

	Naturkvalitet	Bevaringsmål	Tiltak	Overvaking
<b>FUGLAR</b>	Vinterbeiteområde for lommar, dykkerar og dykkender.	Halde dei grunne vinterbeiteområda intakte.	Ikkje uroe fuglane og å oppretthalde naturkvaliteten	Kwart år dei tre første åra etter start på tiltaka.  Vidare overvaking etter behov.
	Hekkeområde for terner og måsefuglar på holmane.	Gjenskapa eit ope trelaust landskap i strandsona og på holmane. Årlig hekking av terner på holmane.	Beiting med sau på Buholmen. Fjerne tre på Buholmen.	
<b>VEGETASJON</b>	Sanddyner generelt som vegetasjonstype.	Stabilisere / eller utvide restfragmenta av denne vegetasjonstypen.	Fysisk rydding av 3 rynkerose-lokalitetar. Fjerning av frøtre og småplantar av sitkagran.	
	Sanddyner med sandstarr.	Bevare minst 100 m <sup>2</sup> sanddyner med sandstarr	Tiltaka skjer i samarbeid med SNO.	



Figur 6 Røabukta fuglefredningsområde sett sørover frå Bytingsvika. Foto: Asbjørn Børset.

### 3. BRUKARINTERESSER

#### 3.1 Verneføresegnene og brukarinteressene

Verneføresegnene er grunnlaget for kva som er tillate innanfor Røabukta fuglefredningsområde. I dette kapittelet ( + kapittel 5 ) vil dei aktuelle reglane i verneforskriftene bli knytt opp mot dei ulike brukarinteressene. Det vil i teksten bli vist til kapittel og punkt i verneføresegnene.

Verneforskriftene er bygd opp slik at kapittel IV gir ei oversikt/opplisting over kva aktivitetar som ikkje er tillate innanfor verneområdet.


I kapittel V går det fram kva for aktivitetar som er unntatt frå føresegnene i kapittel IV, mens det i kapittel VI er ei oversikt over kva aktivitetar fylkesmannen kan gje løyve til etter søknad. Aktivitetar som er forbode etter kapittel V, og ikkje nemnt i kapittel V eller VI, er i utgangspunktet forbode.

#### 3.2 Landbruk

Landbruket kan drivast på same måte som før vernevedtaket. Delar av verneområdet (ca. 55 dekar) er nytta til beiteland. I følgje landbruksansvarleg i Aukra er ikkje holmane i verneområdet nytta til beite i dag. Det kunne vore ønskeleg med noko beite på dei største holmane for å ta vare på lyngvegetasjonen og hindre vidare etablering av trevegetasjon.

Fleire naturlege bekkar renn frå jordbruksareal og ut i verneområdet. I tillegg er det i samband med tidlegare nydyrkning også teke grøfter og kanalar som er drenert ut i verneområdet. Dette kan punktvis føre til auka næringstilsig i delar av året.

På 1960 – 70 talet var det stor aktivitet med leplantingar, spesielt av sitkagran. Sitkagrana er no opp mot 10 meter høg og set frø som spreier seg inn på verneområdet. Sitkagrana er derfor på sikt et treslag som kan true naturlege planteartar og vegetasjonstypar. Det er også planta bergfuru, men dette treslaget spreier seg ikkje så sterkt som sitkagrana. Effekten blir ekstra sterk i kombinasjon med utbreiing av rynkerose og krypande einer. På fleire av gardsbruka er det beiting ned mot strandsona. I visse område kunne det vore ønskeleg at det vart beita lenger ned mot flomålet for å halde den høge strandvegetasjonen nede.



**Figur 7** Oversiktskart over Røabukta fuglefredningsområde.

Bakgrunnen for forvaltingsmåla i planen ligg i dei vedtekne føresegne for Røabukta, m.a. kapittel IV, punkt 1 som lyder:

*Vegetasjon som er av verdi som livsmiljø for fuglar, er freda mot skade og øydelegging av ein kvar art, t.d. tangskjering og taretråling.*

Småplantar av sitkagran og rynkerose vil øydeleggje naturleg vegetasjon i verneområdet, og vil på sikt utgjere ein trussel mot leveområdet til fuglane.

Verneføresegne er ifølge kapittel V, punkt 2 og 3 ikkje til hinder for;

*Slått, beiting og anna etablert jordbruksdrift i eller inntil det freda området eller vedlikehald av grøfteutløp som er tekne tidlegare og som drenerer tilgrensa jord- og skogbruksareal, etter*

*at forvaltingsstyresmaktene er varsle.* Ved gjerding til beiting skal det ikkje nyttast piggrådgjerde.

*Punkt 4 opnar for uttak av sand til eige bruk.* Med dette er å forstå at uttak av sand bør skje på fjøre sjø, godt under flomålet og ikkje i hekketida.

*Ein må forstå punkt 6 om motorferdsel til lands* i næringsføremål dit at oppsetjing av faste gjerde, uttak av sand og reparasjon av eksisterande dreneringssystem ikkje krev løyve. Motorferdsel ut over dette er det vanskeleg å sjå at er aktuelt innan området.

#### **Forvaltningsmål for landbruket**

- Treslaga sitkagran og bergfuru som har påverknad på verneområdet bør i så stor grad som mogleg fjernast. Planlegging av dette arbeidet skal starte opp i løpet av 2010, i nært samarbeid med grunneigarane.
- Det er viktig å ivareta hekkekvalitetane på de største holmane. Derfor er det ønskeleg å forsøke med periodisk sauebeite.

### **3.3 Jakt og fiske**

Det er usikkert i kva omfang jakt og fiske har førekome innan verneområdet. Då sjøareala er veldig langrunne er dette ein avgrensande faktor for fiske. Arealet innan verneområdet kan reknast med ved tildeling av fellingsløyve på rådyr og hjort. Då dette er eit fuglefredingsområde er det eit forvaltningsmål å halde villminkbestanden så låg som mogleg. Det er derfor ønskeleg med fangst av villmink i og utanfor verneområdet. I 2009 var det første gang hekking av kanadagås på Gossen. Då kanadagås er ein innført art i Norge vil vi oppfordre viltstyresmaktene i Aukra kommune om å hindre etablering av denne arten.

For fuglefredingsområdet gjeld følgjande føresegner for jakt ifølgje føreskriftene kap. IV, punkt 2; *Fuglar, under dette også reir og egg, er freda mot all form for skade, øydelegging og unødig forstyrring ( jfr § 3 i viltlova ). Jakt, fangst, bruk av skytevåpen og å sleppe laus hund er forbode i fuglefredingsområdet.*

I følgje forskriftene for verneområdet kap. V, punkt 7 *er jakt på villmink i samsvar med viltlova tillat.*

Dette punktet opnar for bruk av skytevåpen på arten villmink. Men det vert oppmoda til å nytte slagfelle og ikkje skytevåpen. Bruk av laus hund under jakt er forbode i fuglefredingsområdet. Elles gjeld viltlova med forskrifter der verneforskriftene ikkje er sterkare. Fiske er tillate etter det lovverk og dei føresegner som gjeld til ei kvar tid.

#### Forvaltingsmål for jakt og fiske

- Det er eit mål er å halde bestanden av villmink så låg som mogleg, særleg på holmane.

### 3.4 Friluftsliv og rekreasjon

Bruken av Røabukta fuglefredningsområde til friluftsliv og rekreasjon varierer naturleg nok gjennom året. Vinterhalvåret er bruken av området liten, med unntak av noko turgåing i strandsona. På varme, fine sommardagar er bruken av badestranda vesentleg større.

Det er utarbeidd eigen reguleringsplan for den delen av Røabukta som er mest brukt til friluftsliv og rekreasjon. I

reguleringsplanen er det sett av areal til parkeringsplass, toalettbygg og veg ned mot stranda. Opparbeidd veg stoppar ved vernegrensa og går over i ein sti ned mot stranda. Ei bru er etablert over bekken. Vernegrensa følgjer her ei leplanting med sitkagran. Røabukta velforeining har sett ut nokre sittegrupper i tre og ein grill innanfor vernegrensa her.

Røabukta er kartfesta som offentleg badeplass på kommunen sitt friluftskart. Det må nemnast at velforeininga gjer ein god jobb med til rettelegging og å rydde søppel i strandsona.



**Figur 8** Sittegrupper i tre og grill i sanddynene.  
Foto: Asbjørn Børset.

Bruken av øyar og holmar i verneområde til friluftsliv er ikkje kartlagd, men det er ikkje kome signal om konfliktar med verneformålet her. Forvaltinga av fuglefredningsområda aksepterer at det er viktig at befolkninga har rekreasjonsområde med god kvalitet. Men det er og forvaltinga si plikt å prøve å samordne bruken av området på ein slik måte at verneformålet i størst mogleg grad blir oppfylt. Det er såleis eit mål å konsentrere den tyngste bruken av fuglefredningsområdet til areala nærmast der stien kjem ned frå parkeringsplassen.

Det er ikkje ferdelsforbod til fots i Røabukta fuglefredningsområde. Men unødig forstyrring av fuglelivet er forbode etter kap. IV punkt 2 i verneforskriftene. Ein ser ikkje behovet i dag, men kap. VIII opnar for styring av ferdsel. ”*Forvaltingsstyremakta kan fastsetje nærlare reglar for ferdsel i området, dersom det er naudsynt for å oppfylle føremålet med fredinga.*” Elles gjeld friluftsloven med sine rettar og plikter i verneområdet.

#### **Forvaltingsmål for friluftsliv og rekreasjon**

- Tilrettelegginga blir konsentrert i det området Velforeininga allereie har sett opp sittegrupper/grill i dag.
- Generelt skal fuglelivet uroast minst mogleg som følgje av ferdsel og ved behov skal ferdsel kanaliserast bort frå dei mest sårbare områd

### **3.5 Undervising, formidling og forsking**

Med unntak av ei informasjonstavle ved parkeringsplassen er det ikkje tilrettelagt for organisert undervising, formidling og forsking. Men det er kvalitetar i området som eignar seg godt til undervisning på alle nivå i skuleverket. Aktuelle lokale skular til å nytte verneområdet er Riks fjord skule.

Det skulle ligge til rette for å lage ulike undervisningsopplegg gjennom heile skuleåret i verneområdet. Faglege tema finst både i vegetasjon, fugleliv, dyreliv og lokalhistorie. Skulen kan kombinere ekskursjon med bruk av informasjon om området på internett. Fagstoff om Røabukta finn ein på naturfaglege internetsider som; [www.dirnat.no](http://www.dirnat.no) [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no), [www.fmmr.no](http://www.fmmr.no) og [www.miljostatus.no](http://www.miljostatus.no)

Fuglefaunaen og fuglane sitt livsmiljø er verna i området.

*Etter kap. IX i føresegnene kan forvaltingsstyremakta gjere unmatak frå fredingsføresegnene for m.a. vitskapelege undersøkingar når føremålet med fredinga krev det. Det er her ikkje meint grunnskular, men vitskapelege institusjonar.*

#### **Forvaltingsmål for undervising, formidling og forsking**

- Det skal leggast til rette for undervisning og formidling innanfor verneområdet så sant dette ikkje går ut over verneformålet.

### **3.6 Bygg og tekniske inngrep**

I den sør-austre delen av verneområdet er det etter fredingsvedtaket vart gjort sett opp eit pumpehus rett utanfor verneområdet. Frå dette er det grave ned ein leidning inn i verneområdet for utslepp til sjø. Dette var det tatt høgde for då området blei freda i 1988 gjennom kap. VI, punkt 4.

I tillegg går ein kraftleidning gjennom delar av Røabukta. Denne går delvis innanfor og delvis utanfor verneområdet. Denne kraftlinja er ikkje merka med fugleavvisarar, og kan utgjere ein trussel mot enkelte fuglearistar. Då vedlikehald og drift av kraftlinjer ikkje er nemnd som generelt unntak i forskriftera for verneområdet kan kraftleverandør pårekne ein

dispensasjon frå forbodet mot bruk av motoriserte kjøretøy med vilkår. Dette vil bli handsama som eigen sak av forvaltingsstyresmaktene.

Kapittel IV i verneforskriftene punkt 3 lyder slik;

*Det må ikkje iverksetjast tiltak som kan endre dei naturgjevne produksjonstilhøva eller gjere fuglane sitt livsmiljø ringare, her under drenering og anna form for tørrlegging, uttak eller oppfylling av masse, ny utføring av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførslar, dumping av avfall og bruk av kjemiske plantevernmiddel. Ein gjer her merksam på at opplistinga ikkje er fullstendig.*

Etter kap. VI, punkt 2 krev all nyetablering av grøfter/kanalar løyve frå forvaltingsstyresmakta.

#### **Forvaltningsmål for bygningar og tekniske inngrep**

- Eit forvaltningsmål er å forhindre / redusere kollisjonar mellom fugl og luftliner.
- Nye bygningar skal ikkje byggjast innan verneområdet.

#### **Skjønnsføresetnader vedtatt i Romsdal heradsrett, skjønn etter naturvernlova.**

Romsdal heradsrett har gitt følgjande skjønnsføresetnader i samband med fredinga:

- Rettshavarar til etablerte naustrettar på Gnr. 6, bnr. 25 kan få dispensasjon under føresetnad av løyve frå anna lovverk.
- Gnr. 6, bnr. 32 og 80 kan få dispensasjon til naustbygg under føresetnad av løyve frå anna lovverk.
- Gnr. 6, bnr. 1 kan få dispensasjon til å føre vatn og avløpsleidningar over det verna området til eit eventuelt fiskeoppdrettsanlegg. Dette under føresetnad av at løyve til oppdrettsanlegg vert gjeve.

For meir detaljar syner ein her til utskrift av rettsboka etter skjønn i Romsdal heradsrett den 05. september 1990.

## **4. FORVALTINGSOPPGÅVER OG TILTAK**

### **4.1 Skjøtsel**

Føremålet med vernet er å verne fuglane og deira livsområde innan eit avgrensa område. Då dei kanskje viktigaste grunnane til at fuglebestandar har gått tilbake er forhold utanfor verneområdet, må målet vere å gjere livsmiljøet til fuglane best mogleg. På den måten tek ein vare på potensialet området har for ulike artar og at området igjen kan bli brukt av desse dersom bestandssituasjonen skulle betre seg.



**Figur 9** Rynkerose i sanddyne med sitkagran i bakkant. Foto: Asbjørn Børset

Livsmiljø og artsmangfald i strandsona og på holmane er på sikt trua av at dei utanlandske artane sitkagran og rynkerose som kan kvele den opphavlege strandvegetasjonen. Ein ser det derfor som naturleg å starte skjøtselstiltaka her. Dette vil skje i samarbeid med grunneigarane og andre det er naturleg å samarbeide med. Framande artar skal fjernast på ein så varsam måte som mogleg. For å fjerne arten rynkerose som Direktoratet for naturforvalting opnar for i sin handlingsplan mot rynkerose. Søppel langs strandsona og på holmane må følgjast med, og ryddast dersom det er naudsynt.

Alle skjøtselstiltak skal skje i regi av fylkesmannen og SNO. Gjennomføring av tiltak som medfører menneskeleg aktivitet, slik som gjerdning, rydding og hogst bør skje til tider på året der ein uroar fuglane minst mogleg. Heimel for skjøtsel i eit verneområde finn ein i Lov om forvaltning av naturens mangfald ( naturmangfaldsloven ) § 47.

#### **Skjøtselstiltak**

- Fjerne etablerte og hindre nye oppslag av arten rynkerose.
- Utarbeide skjøtselsplan for hogst av sitkagran saman med grunneigarane.
- Stimulere til auka bruk av strandsona og holmane til beiteareal.
- Fjerne etablert trevegetasjon på holmene, starte med Buholmen.
- Rydding av søppel på stranda og holmane etter behov.

Sjå velegg 4 med prioriterte tiltak.

## 4.2 Kartlegging av naturkvalitetane

Ei god forvalting krev kunnskap om naturkvalitetane som er verna og tilstanden på desse. Ei jamleg kartlegging av naturkvalitetane er naudsynt for å vurdere tilstand og moglege behov for tiltak/skjøtsel. I forvaltingsplanen har ein prioritert høgt å få ei kvalitetsmessig god registrering av fugleartane i området, og bestandstilstanden til desse. Først når vi veit meir om status til artane i verneområdet kan vi sette gode, målbare bevaringsmål. Ein ser det òg naturleg å få ei botanisk registrering av verneområdet parallelt med fugleregistreringa.

Det er planlagt fleire skjøtseltiltak i verneområde frå år 2010 og framover. Det er viktig å følgje opp dette med kartlegging av korleis dei ulike skjøtselstiltaka verkar på naturkvalitetane som skal bevarast.

Saman med SNO har fylkesmannen hovudansvaret for kartlegginga/overvakinga av naturkvalitetane i det verna området. Statens naturoppsyn (SNO) vil i dei fleste tilfella stå for den praktiske gjennomføringa.

### Tiltak for kartlegging av naturkvalitetane

- Fylkesmannen skal bestille ei ny kartlegging av fugle- og planteartar og overvake endringane i fuglefaunaen over tid.
- Overvake korleis effekten av skjøtselstiltak påverkar verneformålet.
- Overvake villminkbestanden saman med Aukra Jeger og fiskerforening.

Sjå vedlegg 4 med prioriterte tiltak.

## 4.3 Informasjon og tilrettelegging

Det er utforma ein informasjonsplakat for Røabukta fuglefredningsområde. Denne er sett opp ved parkeringsplassen for friluftsområdet. Etter kvart som ein får ny kunnskap om naturkvalitetane i området bør ein vurdere om det er behov for meir formidling. Også når ein kjem i gang med skjøtselstiltak bør det informerast om bakgrunn for og mål med dette arbeidet. Fuglefredningsområdet er merka med grensemerke i knekkpunkt og verneskilt ved naturlige tilkomstvegar. Velforeininga har sett ut sittegrupper i tre og ein grill, dette er inne på det verna området. Sittegruppa og grillen blir tatt inn om vinteren.



**Figur 10** Tjeld er ein årleg sommargjest i Røabukta. Foto: Asbjørn Børset.

## Retningsliner

Alt informasjonsmateriale skal utarbeidas av, eller i samarbeid med Fylkesmannen i Møre og Romsdal. All tilrettelegging for ferdsel (stiar/bruer etc.) skal på førehand godkjennast av fylkesmannen. Dette er ikkje til hinder for at brukarar av området kan komme med eigne innspel både om tilrettelegging og behov for informasjon.

### Informasjons- og tilretteleggingstiltak

- Revidere det naturfaglege innhaldet i informasjonstavla ved behov.
- Setje opp skilt med bandtvang ved eksisterande informasjonstavle.
- Leggje tilrette for skånsam ferdsel i samarbeid med kommunen og Røabukta Velforeining.

Sjå velegg 4 med prioriterte tiltak

## 4.4 Oppsyn

Med eit vernevedtak oppstår det behov for å føre kontroll med at verneføresegnene og eventuelle dispensasjonsvedtak vert etterlevd. Statens Naturoppsyn ( SNO ) har ansvar for oppsyn i verneområda i Norge. Hovudoppgåva til naturoppsynet er å sørge for at vernereglane for området vert følgt. I tillegg har SNO ein god og tett dialog med fylkesmannen og vil verta orientert dersom det er gitt dispensasjonar frå verneforskrifta til ulike tiltak inne i fuglefredningsområdet.

Statens naturoppsyn har avgrensa politimynde etter miljølovene ( friluftslova, naturmangfaldlova, motorferdslelova, kulturminnelova, viltlova, lakse- og innlandsfiskelova og delar av forureiningslova. I tillegg til kontrolloppgåvene etter desse lovene, skal oppsynet drive rettleiing og informasjon, skjøtsel, tilrettelegging, registrering og dokumentasjon. Mange av desse tiltaka i Røabukta vert gjort i samråd med fylkesmannen og enkelte av tiltaka er nærmere presentert i denne forvaltingsplanen.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal er som forvaltingsstyresmakt bestillar av oppsynsoppgåver hos SNO.

## 5. SAKSHANDSAMING

### 5.1 Forvaltingsstyresmakter

**Fylkesmannen i Møre og Romsdal ( FM )** er forvaltingsstyresmakt for Røabukta fuglefredningsområde. Søknadar om løyve/dispensasjonar etter verneforskriftene skal alltid sendast direkte til fylkesmannen.

### 5.2 Lovverk, føringar og forvalting

Forskrifter for verneområde gitt med heimel i naturvernlova (no erstatta av naturmangfaldlova) går føre anna lovverk eller forskrifter. Med få unntak vil verneføresegnene innehalde strengare reglar som gjeld bruk og tiltak enn anna lovverk. Derfor skal ein søknad om løyve/dispensasjon først blir handsama av Fylkesmannen.

#### Forvalting av verneforskriftene

Verneføresegnene har som hovudmål å fremme verneformålet. Forvaltinga av verneområdet skal skje i eit langsiktig perspektiv. Dette stiller krav til langsiktig tenking både hos fylkesmannen, SNO og dei som nyttar området dagleg. Det har så langt ein kjenner til ikkje vore ein einaste søknad om løyve eller dispensasjon frå verneføresegnene sidan verneområdet vart oppretta. Eventuelle brot på lovverk i verneområdet skal meldast til kommunen, SNO eller forvaltingsstyresmakta som i sin tur vil vurdere tiltak eller politimelding.

#### Forståing av unntak frå forskrifta

**Kap V** i verneføreseagna listar opp ei rekke aktivitetar som ikkje krev løyve eller dispensasjon. Sjå føresegna i vedlegg 1 for den nøyaktige formuleringa.

**Punkt 1** omtalar aktivitet av nasjonal karakter og desse er alltid tillate i verna område. Ingen privatpersonar kan handle etter dette punktet utan kontakt med forvaltingsstyresmakta.

**Punkt 2** omhandlar beite. Dette er lovleg i fuglefredingsområdet, men må eventuelt klarerast med grunneigar.

**Punkt 3** stadfester at vedlikehald av grøftelaup i fuglefredingsområdet er lov, men forvaltingsstyresmakta skal varslast.

**Punkt 4** er løyve til uttak av sand til eige bruk. Forvaltingsstyresmakta føreset at dette ikkje vert gjort i hekketida. Uttak av sand skal og gjerast under flomålet.

**Punkt 5** nemner fiske i fuglefredingsområdet. Dette er tillate etter dei lover og føresegner som for tida gjeld. Medrekna er fiske etter til krabbe og hummar. Sanking av skjell og liknande til eige bruk er lov med løyve frå grunneigar. Sanking av tang og tare er ikkje lov.

**Punkt 6** viser til at motorferdsel i næringsføremål er lov. Vi tolkar dette slik at oppsetjing av faste gjerde, uttak av sand og reparasjon av eksisterande dreneringssystem ikkje krev løyve.

**Punkt 7** opnar for jakt på villmink. Det bør nyttast slagfelle for å unngå å påføre dyra liding. Feller må sikrast mot andre dyr og menneske. Skytevåpen bør ikkje nyttast i reservatet.

**Kap VI** omhandlar tiltak som fylkesmannen kan gje løyve til etter søknad. Sjå forskrifa i vedlegg 1 for den nøyaktige formuleringa.

**Punkt 1** gir tilsynelatande høve til jakt etter dispensasjon dersom ein art er i mistilhøve til andre artar eller miljøet. Dette er ikkje ei aktuell problemstilling i fuglefredingsområdet.

**Punkt 2** nemner etablering av nye grøftelaup for drenering av tilgrensande areal.

**Punkt 3** opnar for fjerning av vegetasjon som er vertsplantar for skadeorganismar i jordbruket. Ein kan fjerne ville artar som er vertsplante for til dømes virus som går på nytteplantar, men vi er usikre på kor aktuell denne problemstilling er i dette området.

**Punkt 4** omhandlar bygging av pumpehus, leidningar for vassanlegg m.m. Her er pumpehuset bygd og leidningen er lagd gjennom det verna område.

## Generelle dispensasjonsheimlar

### Kap. IX Generelt om dispensasjon frå forskrifa

Etter overgangen til naturmangfaldloven 01.juli 2009 gjeld no § 48 i denne loven **i staden for** den generelle dispensasjonsheimelen i verneforskrifter som er eldre enn dette. Det betyr at saker om dispensasjon ikkje skal behandlast etter kap. IX i verneforskrifta for Røabukta fuglefredingsområde, men etter naturmangfaldloven § 48. Dei spesifiserte dispensasjonsreglane i verneforskrifta kap. VI gjelde framleis.

## Generelle retningsliner for sakshandsaming.

Punkta under syner generelle retningsliner for all sakshandsaming som gjeld Røabukta fuglefredingsområde.

1. Alle søknadar om tiltak som krev løyve/dispensasjon etter verneføresegnene skal sendast Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
2. Normalt vil verneføresegnene ha strengare reglar enn det som gjeld anna lovverk. Alle søknadar skal derfor først behandlast etter verneføresegnene før eventuelt anna lovverk vert vurdert.
3. Klage på vedtak gjort av fylkesmannen skal sendast Direktoratet for naturforvalting via Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Fylkesmannen vil då sjå om det er kome nye saksopplysningar som tilseie at vedtaket kan omgjerast. Dersom forvaltingsstyresmakta

opprettheld sitt vedtak skal klagen oversendast Direktoratet for naturforvalting for endeleg handsaming og vedtak.

4. Desse instansane skal alltid ha kopi av alle vedtak: Aukra kommune, Statens Naturoppsyn ( SNO ) og Direktoratet for naturforvalting.

### **Behov for endring av forskrifter**

Verneplanen for våtmark var den første verneplanen som var vedteken her i fylket. Forskrifta er laga etter ein mal som på fleire punkt ikkje er i samsvar med nyare vernevedtak for naturreservat, og har behov for ei oppdatering og modernisering. Som eksempel må forholdet til kraftliner inn i verneforskriftene på ein ryddig måte. Dette vil fylkesmannen samordne med andre verneområde og handsame som eiga sak på eit seinare tidspunkt.

### **Endring av grensa til verneområdet**

Den gjeldande grensa for fuglefredningsområde går fram av kart i målestokk 1:5.000 datert Miljøverndepartementet 1987. Merkinga av vernegrensa i terrenget vart gjort i ei tid utan tilgang på GPS-utstyr og inneheld større og mindre avvik frå kartet. Vi tek sikte på flytte aktuelle knekkpunkt på grensa slik at det vert best mogleg samsvar mellom nedsette grensemerke og vernekartet. I eit par område vart grensa merka bevisst utanom areal som hadde ein slik kvalitet at det ikkje var ønskjeleg å ta dei med i det verna området. Dersom dette skal bli ei juridisk gjeldande grense, må saka leggast fram for direktoratet eller eventuelt departementet for store avvik. Dette vil bli følgt opp som eiga sak, og det endelege resultatet her vil ikkje endre tiltak og bevaringsmål i forvaltningsplanen.

## **6. PERIODEN FORVALTNINGSPLANEN GJELD**

Forvaltningsplanen for Røabukta fuglefredningsområde gjeld fram til ny forvaltningsplan er vedtatt. Fylkesmannen er ansvarleg for revidering av planen, dette bør skje etter 10 år, i 2020. Fylkesmannen kan revidere han før om det skulle syne seg naudsynt. Bevaringsmåla vil bli revidert i samsvar med nasjonale standarar når desse føreligg, uavhengig av rullering av forvaltningsplanen.

## 7. KJELDE

Artsdatabanken, 2006. *Norsk Rødliste 2006.*

<http://www.artsdatabanken.no/Article.aspx?m=114&amid=1792>. 15.08.09

Artsdatabanken, 2007. *Norsk svarteliste 2007.*

<http://www.artsdatabanken.no/Article.aspx?m=172&amid=2581>. 20.09.09

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1978. *Ornitologisk viktige våtmarksområder i Norge.* Miljøverndepartementet.

Direktoratet for naturforvalting, 2008. *Håndbok 17 – Områdevern og forvalting.*  
[www.dirnat.no](http://www.dirnat.no), 03.08.09.

Jordal, J.B., 2000. *Kartlegging av biologisk mangfald i Aukra kommune.*  
Ressurssenteret i Tingvoll, Aukra

Holten Jarle Inge, m.fl., 1986:3B. *Havstrand i Møre og Romsdal.* Økoforsk , NAVF

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1982. *Utkast til verneplan for våtmarksområde i Møre og Romsdal fylke.* A/S E.K. Hansen Eftf. Aasgård & Son, Molde

Fylkesmannen i nordland, 2009. *Forvaltingsplanen for Holandsosen naturreservat (høyningsutkastet)*

Hovde, Anders, 1990. *Jordbruksfagleg utgreiing i samband med erstatningssøksmål etter naturvernlova.* Rapport frå Jordforsk, Molde

Gaarder, Geir, Holtan, Dag, Jordal, John Bjarne, rapport 2001:2. *Kartlegging av naturtype fylkestilpassa faktaark for Møre og Romsdal.* Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Molde.

Folkestad, Alv Ottar, 1978. *Fylkesvis oversikt over ornitologisk viktige våtmarker i Norge.* Miljøverndepartementet

## Nettstader

Artsdatabanken. <http://www.artsdatabanken.no/frontpage.aspx?m=2>

Direktoratet for naturforvaltning, 2008. *Naturbase.* [www.dirnat.no](http://www.dirnat.no)

Lovdata, 2009. [www.lovdata.no/](http://www.lovdata.no/)

Miljøstatus i Norge. <http://www.miljostatus.no/>

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, areal- og miljøvernavdelinga  
<http://www.fylkesmannen.no/hoved.aspx?m=1566> .

## Vedlegg nr. 1

### Forskrift om vern av Røabukta fuglefredingsområde, Aukra kommune, Møre og Romsdal.

Fastsett ved kgl.res. av 27. mai 1988. Fremja av Miljøverndepartementet.

#### I

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63, § 14, 2. ledd og § 9, jf § 10 og §§ 21, 22 og 23 er fuglelivet og fuglane sitt livsmiljø i eit område ved Oterhals i Aukra kommune, Møre og Romsdal fylke, freda ved kgl.res. av 27. mai 1988 under nemninga Røabukta fuglefredingsområde.

#### II

Det freda området omfattar følgjande gnr/bnr:

6/1, 4, 5, 7, 8, 9, 11, 15, 16, 25, 28, 32, 39, 42; 8/2, 6.

Fuglefredingsområdet dekkjer eit areal på ca 1.916 dekar, av dette ca 1.808 dekar sjøareal.

Grensene for fuglefredingsområdet går fram av kart i målestokk 1:5.000, datert Miljøverndepartementet oktober 1987. Kartet og fredingsførersegnene blir oppbevarte i Aukra kommune, hos fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for fuglefredingsområdet skal avmerkast i marka.

Knekkpunkta bør koordinatfestast.

#### III

Føremålet med fredinga er å ta vare på eit viktig våtmarksområde med sitt livsmiljø, fugleliv og anna dyreliv.

#### IV

For fuglefredingsområda gjeld følgjande føresegner, jf punkta V - VI:

1. Vegetasjon som er av verdi som livsmiljø for fuglar, er freda mot skade og øydelegging av ein kvar art, t.d. tangskjering og taretråling.
2. Fuglar, under dette også reir og egg, er freda mot all form for skade, øydelegging og unødig forstyrring (jfr § 3 i viltlova). Jakt, fangst, bruk av skytevåpen og å slekke laus hund er forbode i fuglefredingsområdet. Utsetjing av vilt er ikkje tillate. Elles gjeld viltlova med forskrifter.
3. Det må ikkje iverksetjast tiltak som kan endre dei naturgjevne produksjonstilhøva eller gjere fuglane sitt livsmiljø ringare, her under drenering og anna form for tørrlegging, uttak eller oppfylling av masse, ny utføring av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførslar, dumping av avfall og bruk av kjemiske plantevernmiddel.

Opplistinga er ikkje fullstendig.

4. Motorisert ferdsel til lands, samt lågtflyging under 300 m, er forbode. Bruk av

modellbåtar og modellfly er forbode.

## V

Føresegnene i punkt IV er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær, operativ verksemد og tiltak i sikrings-, ambulanse-, politi-, brannvern-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltingsøyemed.
2. Slått, beiting og anna etablert jordbruksdrift i eller inntil det freda området.
3. Vedlikehald av grøfteutlaup som er tekne tidlegare og som drenerer tilgrensande jord- og skogbruksareal, etter at forvaltingsstyresmakta er varsle.
4. Uttak av sand til eige bruk.
5. Fiske etter det lovverk og dei forskrifter som gjeld til ei kvar tid.
6. Motorferdsel til lands i næringsføremål.
7. Jakt på villmink i samsvar med viltlova med forskrifter.

## VI

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta fastset, kan gje løyve til:

1. Kontrollert felling av vilt når dette blir sett på som naudsynt for å hindre bestandsmessige mistilhøve mellom ulike artar eller i tilhøvet art/miljø på grunn av menneskeskapte faktorar.
2. Etablering av nye grøfteutlaup for drenering av tilgrensande areal.
3. Fjerning av vegetasjon som er vertsplantar for skadeorganismer i jordbruket.
4. Bygging av pumpehus, legging av leidningar for vassanlegg m.m.

## VII

Forvaltingsstyresmakta eller den forvaltingsstyresmakta fastset, kan gjennomføre skjøtselstiltak i samsvar med fredingsføremålet. Det kan utarbeidast skjøtselsplan, som skal innehalde nærmere retningsliner for gjennomføring av skjøtselstiltaka.

## VIII

Forvaltingsstyresmakta kan fastsetje nærmere reglar for ferdselen i området, dersom det er naudsynt for å oppfylle føremålet med fredinga.

## IX UTGÅR ! Kapittel IX går ut av føresegnene og erstattast av § 48 i naturmangfaldsloven.

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unnatak frå fredingsføresegnene når føremålet med fredinga krev det, samt for vitskaplege undersøkingar og arbeid av vesentleg, samfunnsmessig verdi, og i spesielle tilfelle dersom det ikkje strir mot føremålet med fredinga.

## X

Forvaltinga av fredingsføresegnene er lagt til fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Desse fredingsføresegne trer i kraft straks.

---

## Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven)

### § 48. dispensasjon fra vernevedtak

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretakelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.

Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltningsmyndighetens samtykke.

Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.

## Vedlegg nr. 2

**Tabell over nokre fugleobservasjonar i Røabukta.**

Art	Rølistestatus	Merknader
Grågås	LC	Hekkar
Ærfugl	LC	Hekkar
Tjeld	LC	Hekkar
Sandlo	LC	Hekkar
Steinvender	LC	Næringsssøk
Vipe	NT	Hekkar
Myrsnipe	LC	Rasting
Raudstilk	LC	Hekkar
Storspove	NT	Hekkar
Småspove	LC	Næringsssøk
Tjuvjo	NT	Næringsssøk
Gråmåse	LC	Hekkar
Svartbak	LC	Hekkar
Fiskemåse	LC	Hekkar
Smålom	LC	Næringsssøk
Gråstrupedykker	NA	Næringsssøk
Sjørre	NT	Næringsssøk
Havelle	LC	Næringsssøk
Horndykker	EN	Nasjonalt program Næringsssøk
Islom	LC	Næringsssøk
Sildemåse	LC	Hekkar
Lomvi	CR	Næringsssøk
Siland	LC	Hekkar
Kvinand	LC	Næringsssøk
Stokkand	LC	Hekkar
Storskarf	LC	Næringsssøk
Havørn	LC	Næringsssøk
Sangsvane	NT	Rasting
Makrellterne	VU	Hekkar
Lappspove	LC	Rasting
Tundralo	LC	Rasting
Dvergsnipe	LC	Rasting

**Forklaring raudlista:** LC = Livskraftig, NT = Nær trua, VU = Sårbar,  
EN = Sterkt trua, CR = Kritisk trua, RE = Regionalt utrydda.

## Røabukta fuglefredingsområde

### Temakart


-  Sitkagran
-  Rynkerose
-  Sittegruppe
-  Sti



Målestokk 1:12 000

0 200 400 Meter

Parkering med toalett og infotavle



## Vedlegg nr. 4 Samleskjema for ulike tiltak i planperioden 2010 - 2014.

Tiltak	Prioritet	Utførande aktør	Finansiering	Fristar	Merknad/vurdering
Oppgradere kunnskapen over ulike arter fugl og størrelsen på populasjonane i verneområdet.	Høg	Fylkesmannen	DN	Start 2010	Sjå punkt 4.2. Bør settast bort til ornitologiske undersøkingar i Møre og Romsdal ( OUM ) eller annen lokal ornitolog.
Fjerne oppslag av rynkeroser fysisk + kjemisk behandling	Høg	SNO	SNO	Utført 2010	Sjå punkt 4.1. Haster for å unngå vidare spreiling.
Skjøtselplan for sitkagran. Starte arbeidet snarast	Høg	Fylkesmannen	Fylkesmannen	Start 2010	Sjå punkt 4.1. Haster for å hindre vidare frøsetting inn på verneområdet.
Fugleavvisarar skal monterast på kraftlinjer.	Middels	Istad Nett	Istad Nett		Sjå punkt 3.6. Fylkesmannen tar kontakt med Istad Nett AS for å få dei til å montere fugleavvisarar.
Hogst/rydding av bartre på Buholmen.	Middels	Fylkesmannen	DN	2011	Sjå punkt 4.1 Fjerne bartrea frå Buholmen før desse vert for store.
Forsøk med småfebeite på holmane.	Middels	Ingolf Mork	DN	Start 2010	Sjå punkt 4.1. Kostnad til båtskyss
Årleg ryddeaksjon av søppel	Middels	Røabukta velforeining	DN	Årleg	Sjå punkt 4.1. Bør bli eit årleg tilskott til Røabukta Velforening.
Drive fellefangst av mink	Låg	Aukra JFF	DN	Start 2010	Sjå punkt 4.2. Kjøpe inn feller og gjere avtale med Aukra jeger og fiskerforening.
Revidere innhald på infotavle	Låg	Fylkesmannen	Fylkesmannen		Sjå punkt 4.3. Utrede behov for meir naturfagleg informasjon.

## Vedlegg nr. 5

### *Sakshandsaming av forvaltningsplan for Røabukta fuglefredingsområde.*

Melding om oppstart av arbeidet med forvaltingsplan for Røabukta fuglefredingsområde i Aukra kommune vart send som brev frå Møre og Romsdal fylke den 07.08.2008 til alle grunneigarane, kommunen og andre brukargrupper. Det vart oppmoda til å kome med synspunkt/innspel til planarbeidet innan 08.09.2008. I same brevet vart det invitert til oppstartsmøte/orientering tysdag den 28.08.2008.

På oppstartsmøte møtte tre grunneigarar og ein frå Røabukta Velforeining. Asbjørn Børset representerte fylkesmannen. Velforeininga målbar at stranda var eit mykje nytta rekreasjonsområde på sommaren. Det å kunne bruke grillplassen ovanfor stranda hadde stor verdi for velforeininga. I tillegg var det eit ønske om å få lage ei enkel klopp over ein bekk i nærleiken av grillplassen. Grunneigarane uttrykte bekymring over utviklinga av sitkagrana, med ukontrollert spreiling.

Nordmøre og Romsdal friluftsråd og Mork Utegangar kom med synspunkt i ein e-post av 06.11.2008.

Av ulike årsaker kom planarbeidet seint i gang, men eit høyringsutkast vart send frå Møre og Romsdal fylke den 28.10.2009. Høyringsutkastet hadde frist for merknader til 31.12.2009.

#### **Det er kome inn følgjande merknader:**

**Istad Nett AS** i e-post av 10.12.2009. Dei ønskjer ikkje å måtte søkje dispensasjon for bruk av motoriserte kjøretøy ved arbeid på linjenettet innanfor verneområdet.

**Knut Oterhals** i brev av 02.12.2009. Han ønskjer å ha moglegheit til å byggje naust på utsida av verneområdet, men støa vert innanfor vernegrensa.

**Nordmøre og Romsdal friluftsråd** i brev av 26.12.2009. Friluftsrådet meiner planen er for omfattande i volum, maks 10 sider er ønskeleg. Elles peikar dei på mangefull dokumentasjon av fuglebestandane, mangelen på økonomi til skjøtselstiltak, og kven som skal utføre skjøtselstiltaka. Dei etterlyser òg opplysning til ålmenta om skadane arten rynkerose kan gjere. Staten bør hindre etablering av kanadagås på Gossen. Dei ønskjer òg at staten tek sin del av arbeidet med å rydde strandsøppel. Dette blir i dag løyst på ein positiv møte i samarbeid med kommunen, friluftsrådet og lokal velforeining.

**Mork Utegangar** i brev av 26.12.2009. Det understrekast her at Mork Utegangar ikkje kan samarbeide om beiting som ledd i skjøtsel dersom det vert nytta plantevernmiddel til å fjerne arten rynkerose.

**Aukra kommune** i brev av 07.01.2010. Kommunen meiner det ikkje er ønskeleg med kjemisk behandling av rynkeroseførekomstane. Leplantingane av sitkagran må sjåast som ein heilskap, og konsekvensane av hogst/skjøtsel må vurderast. Røabukta har stor verdi som rekreasjonsområde og strandsona blir rydda av skuleungdom i sommarjobb. Kommunen

etterlyser kva ressursar forvaltingsstyresmakta vil sette inn i skjøtselstiltak på kort og lang sikt.

**Norges Naturvernforbund avd. Møre og Romsdal** i brev av 03.01.2010.

Naturvernforbundet har mange moment i sitt brev. Mellom anna etterlyser dei dokumentasjon på verneverdiane og eit system for å følgje opp desse. Dei etterspør òg kompetanseoppbygging på ulike skjøtselstiltak. Det vert òg uttrykt bekymring for bruk av plantevernmiddel til å fjerne rynkerose. Ressursar til å følgje opp skjøtsel over fleire år vert òg etterlyst.

**Statens Naturoppsyn** har ein merknad i e-post av 07.01.2010. Dei vil ha presisert ordlyden om SNO si myndigheit i høve miljøvernlovene. Dette er imøtekome, og endra i planen.

**Fylkesmannen sine vurderingar av innspel og merknader.**

Mange av merknadene er samanfallande, og vil bli kommentert generelt, mellom anna bruk av plantevernmiddel mot arten rynkerose (*Rosa rugosa*). Direktoratet for naturforvalting (DN) er i ferd med å utarbeide handlingsplan mot rynkerose. Denne handlingsplanen blir utarbeidd i tett samarbeid med Bioforsk. Dersom DN i handlingsplanen konkluderer med at plantevernmiddel er ein aktuell metode for å fjerne rynkerose, vil det òg vere aktuelt for oss i område der vi har problem med arten. Det er vidare eit mål for Fylkesmannen å få utarbeidd ei informasjonsbrosjyre til ålmenta og hagesentra om framande artar i Norge.

Sitkagrana som leplanting er i seg sjølv ikkje det største trugsmålet mot verneformålet. Problemets er den store spreininga denne arten har i verneområdet. Det er verken ønskeleg eller realistisk å fjerne all planta sitkagran, men i første omgang å halde spreininga i sjakk. Så får ein etter ei heilskapleg vurdering finne ut kvar det er ønskeleg både frå grunneigar og styresmaktene å fjerne frøtrea, og eventuelt erstatte dei med stadeigne treslag. Dette er ei stor utfordring både praktisk og økonomisk.

Fleire av merknadene går på økonomi til skjøtselstiltak og kontinuiteten i dette arbeidet. Det er dessverre umogleg for fylkesmannen å framskrive skjøtselstiltak fleire år fram i tid då vi er avhengig av årlege løyvingar over statsbudsjettet. Det er Statens naturoppsyn (SNO) som gjennomfører mange av skjøtselstiltaka i dei verna områda i fylket. SNO kan òg leige inn lokale aktørar til gjennomføring av praktiske tiltak.

Samarbeidet om rydding av strandsona for søppel ser ut til å fungere godt. At staten bør ta sin del av denne kostnaden i det verna området kan vi langt på veg vere samd i. Men ein støyter på det same problemet her med langsiktig budsjettering og årlege løyvingar.

Knut Oterhals ønskjer å kunne byggje naust der støa vert liggjande innanfor verneområdet. Ein syner her til skjønnsføresetnader frå Romsdal heradsrett som opnar for dette, dersom løyve vert gitt etter anna lovverk.

Naturvernforbundet peikar òg på dette med kompetanseoppbygging. SNO har ei eiga skjøtselsgruppe som utvekslar erfaringar om ulike skjøtselsmetodar frå heile landet. På sikt vil ein i denne etaten opparbeide kompetanse på dei ulike skjøtselsområda. Det at

dokumentasjonen av verneformålet er for dårleg er vi einig i. Vi prioriterer fugleregistreringar framfor registrering av floraen i denne fasen.

Friluftsrådet hadde fleire merknader som eg håpar er belyst overfor. Når det gjeld det å hindre kanadagåsa å etablere seg i området har fylkesmannen heimel til å gi fellingsløyve etter søknad.

Istad Nett AS. I nyare verneforskrifter vert det gitt generelt løyve for bruk av motoriserte kjøretøy til naudsynt istandsetting ved akutt utfall, drift og vedlikehald mot at det i ettertid vert sendt melding om bruk av motoriserte kjøretøy til forvaltingsstyresmaktene.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal kjem til å leggje seg på ei tilsvarende tolking. Kraftanlegg er ikkje med i gjeldande verneforskrift for Røabukta, derfor må vi gje ei tidsavgrensing for denne dispensasjonen. Generelt skal all bruk av motoriserte kjøretøy etter dispensasjon skje så varsamt som mogleg. Ved eventuell istandsetting av terrengskade skal forvaltingsstyresmakta kontaktast.

Til sist vil fylkesmannen takke for alle innspel og merknader i prosessen. Mange av merknadene er fagleg relevante og skulle gjerne vore med i planen om dette var økonomisk mogleg. Det er heller ikkje realistisk å fange opp alle eventualitetar i ein forvaltingsplan, noko må ein ta i den daglege forvaltinga. I ein tidshorisont på 10 år vil ein heller ikkje få utretta alt ein ønskjer av tiltak. Men planen er meint som eit fundament å byggje vidare på etter som ein ser tilstanden endrar seg, eller behov melder seg. Men formålet med vernet ligg heile tida i botn.

## **Plangodkjenning.**

Denne godkjende planen er i hovudsak som i høyringsutkastet. Følgjande punkt er endra:

- Istad Nett AS sin bruk av motoriserte kjøretøy, kap. 3.6
- Ordlyden i SNO si rolle som oppsynsmyndighet, kap. 4.4.
- Atterhald om at resultatet av DN sin handlingsplan mot rynkerose opnar for bruk av plantevernmiddel i kap. 2.4.

